

STRANDA KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møte dato	Saknr
FORMANNSKAPET	05.11.2018	130/18
FORMANNSKAPET	26.11.2018	136/18
KOMMUNESTYRET		

Saksansvarleg: Rådmann Åse Elin Hole

Saksbehandlar: Ståle Anker Ljøen

Arkiv: K1 - 150

Arkivsaknr 18/302

Stranda kommune - Budsjett 2019/Økonomiplan 2019 - 2022

Rådmannen si tilråding:

1. Budsjettvedtak:

Budsjettskjema 1A – aggregert driftsbudsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Budsjettskjema 1B – netto driftsbudsjett per eining 2019/økonomiplan 2019-2022.

Budsjettskjema 2A – aggregert investeringsbudsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Budsjettskjema 2B – investeringsbudsjett per prosjekt 2019/økonomiplan 2019-2022.

2. Eigedomsskatt:

Det vert skrive ut eigedomsskatt i 2019 etter eigedomsskattelova §3a på faste eigedomar i heile kommunen.

Eigedomsskatten skal vere NOK 4 for kvar NOK 1000 av eigedomsskattetaksten for eiedomen (4‰).

3. Låneopptak:

Det vert ikkje teke opp nye lån til investeringar i 2019. Årets investeringar vert finansiert ved bruk av balanseførte ubrukte lånemidlar.

4. Godtgjersle til ordføraren vert sett til 8,5G.

05.11.2018 FORMANNSKAPET

Møtebehandling Saka drøfta

FOR- 130/18 Vedtak:

26.11.2018 FORMANNSKAPET

FRAMLEGG UNDER MØTET

Framlegg frå Senterpartiet

Stranda Sp har følgjande framlegg til endring i Budsjett 2019, Økonomiplan 2019 - 2022

Framlegg til endring i investeringsbudsjett:

2019:

prosjekt 6130 Asfaltering redusert med kr. 500.000,- (rest: 1.375.000,-)

prosjekt 6151 Elveforebygging Svemorka redusert med kr. 1.000.000,- (rest 4.000.000,-)

prosjekt 2023 Sunnlyven skule - - rehabilitering redusert med 3.500.000 (rest 16.500.000,-)

prosjekt xxxx Nytt byggefelt Stranda - prosjektering 1.000.000,-

prosjekt xxxx Byggefelt Reset - veg 2.000.000,-

prosjekt xxxx Friluftstrase Strandafjellet - 1.250.000,-

prosjekt xxxx Innløysing grunn/fonnvern Hellesylt - 500.000,-

prosjekt xxxx Nasjonale Turiststiar - Geiranger - 250.000,-

2020:

Prosjekt 2023 Sunnlyven skule - rehabilitering auka med 3.500.000 til 63 500.000,-

Framlegg til endring i driftsbudsjettet:

Reduksjon på driftsstønad Storfjordsambandet med kr 120.000,- Desse vert lagt inn som del av grunnfinansiering/prosjektstøtte Geirangerfjorden Verdsarv.

I tillegg fremjar ein følgjande verbalframlegg:

Kommunestyret ber om at det vert førebudd sak om matsservering og matombering innan pleie- og omsorgstenesta i kommunen. Ein ynskjer at det vert utgreidd kva kostnadar ein vil få ved omlegging til lokal kjøkkendrift ved institusjonane. Her under kostnadar knytt til oppgradering av eksisternade kjøkken til dagens standard, stillingsbehov og endringar i utgifter til matombringning.

Samrøystes

Kommunestyret ber om at det snarleg vert lagt fram sak med vurdering av framtidig drift ved Liabygda skule. Dette i lys av at ein no har fått avklaring knytt til kommunestruktur. Ein ber om at det vert lagt opp til brei involvering av både elevråd, FAU og andre involverte.

Framlegget fekk 5 røyster

FRAMLEGG UNDER MØTET

Framlegg frå FRP

Framlegg til alternativt kommunebudsjett frå Stranda FrP.

- Innleing :

Stranda FrP meiner årets budsjett frå rådmannen er ett meget godt budsjett, ja rett og slett for godt.

Med bakgrunn i at kommunen ligg ann til eit overskot i 2018 på heile 19,5 mill kr, der sjølve drifta gjekk med 8,9 mill kr i mindreforbruk i einingane. Dette året vart det også dekt inn ca 6 mill kr av tidligare års meirforbruk.

Dette betyr at sjølve drifta til kommunen gjekk med omlag det samme som overskotet som eigedomsskatten, som er på vel 15 mill kr pr år.

Ut over dette lever kommunen fortsatt svært godt på ei meget god regjering som berre i 2018 tilførte 11,5 mill kr i ekstra inntekter til kommunen, utover det som vart signalisert i kommuneproposisjonen .

For 2019 legg rådmannen til ein kraftig auke i driftsbudsjettet, med det vi kan sjå med meir enn 6 mill kr til einingane.

Tiltaka som vert lagt inn er alle fornuftige, men har Stranda kommune anledning til å gjere denne auken no?

Kommunestyret gjorde i år eit samrøystes vedtak på at etter akkumulert underskott var dekt inn, og ein var ute av ROBEK, skulle ein «fryse, og gradvis kutte ned» eigedomsskatten.

Ved at ein fyrste året ein ser enden, men før ein er ute av ROBEK, bles ein i staden opp budsjettet med snart halve eigedomsskatten, då ser alle at ein då « låser opp» grunnlaget for å kunne gradvis ta vekk den svært usosiale eigedomsskatten.

Stranda FrP, meiner at med denne bakgrunnen, kan ein ikkje auke opp budsjettet så mykje som rådmannen legg opp til, og ein må « fryse» eigedomsskatten på 2018 nivå for 2019, og gradvis trappe ned og fjerne eigedomsskatten heilt så raskt som råd.

Stranda FrP foreslår derfor eit % vis nedtrekk i alle rammer, på 1 % .

Eventuelt overskot i drifta for einingane i 2018, skal det kuttast i eigedomsskatten siste halvår 2019, med minst 4 mill kr.

- Investeringsbudsjett:

Stranda FrP meiner det her også vert lagt inn eit for høgt investeringsnivå, og at prioriteringene vert gjort utan fullstendig oversikt over behovet.

Stranda kommune sitt største investeringsbehov er pr dato, nytt omsorgsenter istaden for Solbakken, og rehabilitering av Sunnylvn skule.

Sistnevnte meiner Stranda FrP bør utgreiast med tanke på kvar skulen bør ligge, og om

ungdomsskoletrinnet bør flyttast til Stranda.

Vi har inga tru på at verken fylkesmann eller departement, godkjenner ei renovering som i realiteten er eit nybygg til 80 mill kr, i oppskyllingsnivået for flodbylgje frå Åkneset.

Det er sjølvstøtt heilt trygt for folk å vere i området, men gjeldande forskrift seier nei til bygging av bygg i denne kategorien, i dette området.

Det er også ikkje hensiktsmessig for kommunen å bygge noko som ein brått kan vere avskoren frå å kunne bruke ved ein beredskapssituasjon, som vi no ved til dømes Mannen, ser kan drage ut i mnd, ja kanskje år.

Det er ikkje bærekraftig for eit framtidig skulebygg og eit godt skulemiljø.

Derfor flyttar vi ut denne investeringa til 2020 og utover, inntil ovenfornevnte er avklart med departement.

Solbakken omsorgssenter er på overtid, og nytt må byggjast snarast råd.

Stranda FrP meiner dette arbeidet dreg ut i altfor lang tid, her må ein kunne skjere igjennom og beslutte kva en skal bygge, finne tomt og komme igang.

Vi legg derfor inn 2,5 mill kr i 2019, og byggestart i 2020 med 60 mill kr og 20 mill kr i 2021.

Framlegget fekk 2 røyster

Stranda FrP har også følgjande verbalframlegg:

1 :

Stranda FrP meiner god og fersk mat til dei eldre i kommunen, er noko dei eldre verkeleg har fortjent. Vi meiner dagens ordning med oppattvarma mat, ikkje stettar dei krava vi sjølve stiller til god og kvalitetsmessig mat.

Vi meiner Stranda kommune snarast råd, må få seg forelagt ei sak frå rådmannen ang omlegging til fersk matlaging på alle våre omsorgssenter/ sjukeheimar.

Vi ynskjer ei oversikt og dokumentasjon på dagens drift, samt ei grundig analyse av korleis vi kan få til matlaging på alle omsorgssentera i kommunen så raskt som råd, og det økonomiske grunnlaga for dette.

Verbalframlegget vert sendt over saman med Senterpartiet sitt verbalframlegg i samme sak.
Samrøystes

2:

Stranda FrP viser til innføring av eigedomsskatt i Stranda kommune, som var begrunna med at ein skulle bruke dette til nedbetaling av tidligare års underskot.

No er dette gjennomført, og grunnlaget for eigedomsskatten er ikkje gjeldande lenger.

Kommunestyret ber rådmannen førebu arbeidet med å gjere kommunen uavhengig av denne skatten, ved at det i økonomiplanen for åra 2019-2022, vert synleggjort gradvis nedtrapping med 1 promille per år, og til slutt fjerna eigedomsskatten i Stranda kommune.

Framlegget fekk 2 røyster

Møtebehandling

Tilråding til kommunestyret med 5 mot 2 røyster

FOR- 136/18 Vedtak:

1. Budsjettvedtak:

Budsjettskjema 1A – aggregert driftsbudsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Budsjettskjema 1B – netto driftsbudsjett per eining 2019/økonomiplan 2019-2022.

Budsjettskjema 2A – aggregert investeringsbudsjett 2019/økonomiplan 2019-2022.

Budsjettskjema 2B – investeringsbudsjett per prosjekt 2019/økonomiplan 2019-2022.

Med følgjande endringar:

2019:

prosjekt 6130 Asfaltering redusert med kr. 500.000,- (rest: 1.375.000,-)

prosjekt 6151 Elveforebygging Svemorka redusert med kr. 1.000.000,- (rest 4.000.000,-)

prosjekt 2023 Sunnylvn skule - - rehabilitering redusert med 3.500.000 (rest 16.500.000,-)

prosjekt xxxx Nytt byggefelt Stranda - prosjektering 1.000.000,-

prosjekt xxxx Byggefelt Reset - veg 2.000.000,-

prosjekt xxxx Friluftstrase Strandafjellet - 1.250.000,-

prosjekt xxxx Innløysing grunn/fonnvern Hellesylt - 500.000,-

prosjekt xxxx Nasjonale Turiststiar - Geiranger - 250.000,-

2020:

Prosjekt 2023 Sunnylvn skule - rehabilitering auka med 3.500.000 til 63 500.000,-

Framlegg til endring i driftsbudsjettet:

Reduksjon på driftsstønad Storfjordsambandet med kr 120.000,- Dette vert lagt inn som del av grunnfinansiering/prosjektstøtte Geirangerfjorden Verdsarv.

2. Eigedomsskatt:

Det vert skrive ut eigedomsskatt i 2019 etter eigedomsskattelova §3a på faste eigedomar i heile kommunen.

Eigedomsskatten skal vere NOK 4 for kvar NOK 1000 av eigedomsskattetaksten for eiedomen (4%).

3. Låneopptak:

Det vert ikkje teke opp nye lån til investeringar i 2019. Årets investeringar vert finansiert ved bruk av balanseførte ubrukke lånemidlar.

4. Godtgjersle til ordføreren vert sett til 8,5G.

I tillegg kjem verbalframlegg:

Kommunestyret ber om at det vert førebudd sak om matsservering og matombering innan pleie- og omsorgstenesta i kommunen. Ein ynskjer at det vert utgreidd kva kostnadar ein vil få ved omlegging til lokal kjøkkendrift ved institusjonane. Her under kostnadar knytt til oppgradering av eksisternade kjøkken til dagens standard, stillingsbehov og endringar i utgifter til matombringning.

Kommunestyret ber om at det snarleg vert lagt fram sak med vurdering av framtidig drift ved Liabygda skule. Dette i lys av at ein no har fått avklaring knytt til kommunestruktur. Ein ber om at det vert lagt opp til brei involvering av både elevråd, FAU og andre involverte.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn for saka

Kommunelova §45 seier i punkt 1 at «kommunestyret og fylkestinget skal innen årets utgang vedta budsjett for det kommende kalenderår». Vidare sier kommunelova i punkt 3 i same paragrafen at «vedtaket treffes på grunnlag av innstilling frå formannskapet eller fylkesutvalget».

Vidare seier kommunelova §44 i punkt 1 at «kommunestyret og fylkestinget skal en gang i året vedta en rullerende økonomiplan.» §44 seier vidare i punkt 6 at «vetaket treffes på grunnlag av innstilling fra formannskapet eller fylkesutvalget.»

I Stranda kommune er praksis i budsjettprosessen at rådmannen utarbeider eit framlegg til budsjett for komande år og økonomiplan for komande fireårsperiode. Budsjett og økonomiplan vert lagt fram og presentert for formannskapet. Rådmannen sitt framlegg er eit grunnlagsdokument som etter presentasjon for formannskapet er formannskapet sin «eigedom». Formannskapet skal i år arbeide med budsjettet på sine møter den 5. og 26. november. Etter møtet den 26. november skal formannskapet legge fram si innstilling til budsjett for 2019 og økonomiplan for planperioden 2019-2022 for kommunestyret. Innstillinga skal ligge ute til offentleg ettersyn i minimum 14 dagar før handsaming i kommunestyret. Kommunestyret handsamar i år budsjett for 2019 og økonomiplan for 2019-2022 på sitt møte den 14. desember.

Eigedomsskattelova §2 seier at «kommunestyret avgjer om det skal skrivast ut eigedomsskatt i kommunen.» Vidare seier eigedomsskattelova §10 at «kommunestyret fastset kvart år i samband med budsjettet kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskrivning av eigedomsskatt for det komande skatteåret. Dette betyr at kommunestyret i samband med vedtaket av budsjettet for 2019 må gjere vedtak om utskrivning av eigedomsskatt i Stranda kommune for komande år, kva eigedomar det skal skrivast ut eigedomsskatt på etter eigedomsskattelova §3 og skattesats etter eigedomsskattelova § 11

Saksopplysningar

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2019 og økonomiplan for perioden 2019-2022 følgjer sakspapiret som eige vedlegg.

Vedlegg:

Dok.dato:	Vedlegg:	Dok.ID
31.10.2018	Budsjettdokument 2019	238319
21.11.2018	Utfyllande informasjon rundt oppbudsjettering av Ringstad skule	240020
20.11.2018	Avlastingsbustad for barn / SFO tilbod for barn med særlege behov	239971
16.11.2018	Stranda ungdomsskule v/FAU - Søknad om tilskot - Pumptrackbane ved Stranda ungdomsskule	239717
16.11.2018	Pumptrack	239718

09.11.2018	Stranda Idrettslag - Finansiering Friluftstrase - innspel	239135
09.11.2018	Friluftstrase - Kostnadsoverslag II	239137
25.10.2018	Budsjett 2019 - Eksterne søknadar om tilskot 2	238065
21.11.2018	Uttale frå HOK - Budsjett 2019 / Økonomiplan 2019/2022	240019
19.11.2018	Uttale frå Arbeidsmiljøutvalet - Budsjett 2019 /Økonomiplan 2019/2022	239893
14.11.2018	Uttale frå Rådet for funksjonshemma - Budsjett 2019 / Økonomiplan 2019/2022	239346
14.11.2018	Uttale frå Eldrerådet - Budsjett 2019 /Økonomiplan 2019/2022	239347
16.11.2018	Uttale frå MK- Budsjett 2019 /Økonomiplan 2019/2022	239716

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.

Kommunelova.

Eigedomsskattelova.

Budsjettforskrifta.